Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid

Varsel etter plan- og bygningsloven § 12-8.

17.02.2021 08:34:51 AR416589611

Du har rett til å uttale deg om planen frem til fristen: 19.03.2021

Forlagsstiller skal vurdere alle uttalelser. Uttalelsene er med på å danne grunnlaget for forslaget som senere skal behandler av kommunen.

Her vil vi starte reguleringsplanarbeid

Kommune: Ørsta

Planområdet omfatter området vist på kartutsnittet (se vedlegg).

Detaljer om reguleringsplanen

Plantype: Detaljregulering

Navn på plan: Detaljregulering for Ørsta kompetanse- og kultursenter

PlanID: 2020003

Hensikten med reguleringsplanen

I medhald av plan- og bygningslova §12-8 varslar Møre og Romsdal fylkeskommune med dette oppstart av detaljreguleringsarbeid for nye Ørsta vidaregåande skule og nytt kulturhus. Området omfattar omkringliggande grøntareal, parkeringsareal, to bustader (gr.nr/br.nr 15/911 og 15/217) og Barnas Vel barnehage. Planen blir utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova §3-7, §12-3 og §12-10 i samarbeid med Ørsta kommune som planmyndigheit, Møre og Romsdal fylkeskommune som tiltakshavar og Norconsult AS som plankonsulent.

Føremålet med planarbeidet er å få formelt grunnlag for å bygge ny vidaregåande skule med kompetanseklinikk for tannhelse og fleire andre funksjonar, samt nytt kulturhus. Planen skal også vise løysingar for parkering, infrastruktur og grøntareal både i tilknyting til skulen, men også til «utdanningsbandet» som er vist i Ørsta kommune sin utviklingsplan. Planområdet inkluderer hotellet for å sikre god kopling frå nytt kulturhus. Barnas Vel barnehage inngår for å kunne ivareta eventuelle behov for utviding av denne. Som ledd i planarbeidet skal det vidare vurderast om eigendomane 15/911 og 15/217 skal regulerast til undervisingsformål i tråd med områderegulering eller regulerast til bustadformål i samsvar med dagens bruk.

Planarbeidet vil bygge på føringar frå områdeplanen for Ørsta sentrum (plan-id: 2015009), utviklingsplanen for Ørsta utarbeidd av Tegnestuen Felt i 2016, brukarmedverknad knytt til uteområde Ørsta VGS 2018/2019 utarbeidd av Norconsult og skissekonsept-prosjekt som er planlagt gjennomført av Møre og Romsdal fylkeskommune vinteren 2021. Området skal vere eit attraktivt område for Ørsta kommune sine innbyggare, og skal invitere til aktivitet og opphald for ulike aldersgrupper til ulike tider av døgnet.

Det aktuelle planområdet er i områdeplanen for Ørsta sentrum regulert til undervisning (BU), barnehage (BBH), anna tenesteyting (BAT), forsamlingslokale (BFL), parkering (SPP), park (GP), og gang- og sykkelveg (SGS). Detaljreguleringsplanen vil utfylle føringane i områdeplanen og det er ikkje tenkt å endre hovudtrekka i områdeplanen. Detaljreguleringsplanen vil vise planlagde bygg, høgde og takform, grep i

17.02.2021 08:34:51 AR416589611

høve estetikk, leikeareal, uteareal, avkøyrsle og trafikk- og gangareal kring bygningane.

17.02.2021 08:34:51 AR416589611

Krav til konsekvensutredning

For denne planen er det ikke krav om konsekvensutredning.

Begrunnelse:

Med bakgrunn i Forskrift om konsekvensutredninger, er det av Ørsta kommune vurdert at tiltaket ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing då planen som utgangspunkt skal vere i samsvar med overordna plan. Grunngjeving er gitt i vedlagte referat frå oppstartmøte 21.12.20.

Saksgang og medvirkning

Dette er i første omgang eit varsel om at planarbeidet er starta opp. Har du opplysningar eller synspunkt som er viktige å ta høgde for i høve planarbeidet ber vi om å få tilsendt desse.

Når det er utarbeidd eit forslag til reguleringsplan vil denne bli lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker. Dette vil bli annonsert i Møre Nytt, og grunneigarar og aktuelle myndigheiter vil bli varsla per Altinn/brev/e-post. Ved offentleg ettersyn vert planen lagt ut på kommunen si heimeside og det vil då vere moglegheiter for å sjå på løysingane i planen og kome med meir konkrete innspel.

Her kan du se flere dokumenter i saken

https://www.orsta.kommune.no/kunngjeringar/

Du kan også kontakte Ingvild Nistad for å få tilgang til dokumentene.

Gjeldende planer for dette området

Type plan: Områderegulering

Navn på plan: Områdeplan for Ørsta sentrum

Spørsmål om oppstart av reguleringsplanarbeidet kan rettes til

Kontaktperson: Pernille Ibsen Lervåg

E-post: pernille.ibsen.lervag@norconsult.com

Telefon: 41087093

Vil du uttale deg om reguleringsplanarbeidet?

Uttalelser til reguleringsplanarbeidet kan leveres via Altinn eller sendes som e-post eller brev til forslagsstiller.

Forslagsstiller: Ingvild Nistad

Organisasjonsnummer: 962392687

Telefon: 90987819

E-post: ingvild.nistad@mrfylke.no

Postadresse: Postboks 2500, 6404 Molde

Frist for uttalelse: 19.03.2021

17.02.2021 08:34:51 AR416589611

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid er signert av

PERNILLE IBSEN LERVÅG på vegne av NORCONSULT AS

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.

17.02.2021 08:34:51 AR416589611

17.02.2021 08:34:51 AR416589611

Filvedlegg:

Utsnitt av områdeplanen for området.JPG
Planområde-ORTO.pdf
Planområd.pdf
Referat frå oppstartsmøte - Detaljregulering for Ørsta kompetanse- og kultursenter(112617).pdf